



Tett i tett ved ytre pir i kveld!

**Hittil denne sommaren har båt-trafikken til og frå Uskedalen vore det ein kan kalla middels. Det har som regel vore 16-20 gjestebåtar opplysar hamnevert Johan Sunde.**

**Han legg til at det heller ikkje er plass til så mange fleire og minnar igjen om at breidda på båtane er iferd med å verta ein hemske, også samanlikna med hamnane i Rosendal og på Husnes.**

Heller ikkje det ein kan kalla internasjonal visitt har vore overveldande. Det har vore innslag av tyskarar, nederlendarar - og ein einsleg engelskman.

Men denne dagen - torsdag - teiknar svært bra. Allereie tidleg på kvelden har dei lokale skutene Storm og Kvituren samt leppefisk-fiskaren i Ramona fått selskap ved bølgebrytaren lengst ute av 7 flotte båter på yttersida.

4 av dei er heimehøyrande i Bergen, 2 i Stavanger og ein i Tresfjord. Og ved Sandakaaien har ein koseleg kuttar som heiter Sjøbris og er frå Åkra lagt seg - tredje sommaren på rad!

Systrene Nilsen ladar opp til skaldyrkveld med fullt hus, så dette vert nok ein stor kveld både til vanns og til lands!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Sjøbris kjem att år etter år